



PROTOKOLL FOR TIME KOMMUNESTYRE

Møtenr.: 2
Møtedato: 18.03.2026
Tidspunkt: 17:00 - 19:25
Stad: Kommunestyresalen

Desse møtte:

AP	Hannah Owe Hope
AP	Karen Hognestad Liland
AP	Kjell Olav Stangeland
FRP	Elida Salte-Sagici
FRP	Gaute Stokka
FRP	Thor Inge Kalberg
H	Andreas Vollsund
H	Iren Lassen
H	Kirsten Oma Alstadsæter
H	Lars Enevoldsen
H	Ole Jørgen Alstadsæter
H	Pål Undheim

H	Rein Harald Salte
H	Svein Bø
INP	Inge Bjørnsen
KRF	Anders Undheim
KRF	Bjørghild Underhaug
KRF	Kjetil Hustoft
SP	Jone Fosse
SP	Nils Martin Sikveland
SP	Ranveig Undheim
SP	Tarald Magne Oma
SV	Beate Aasen Bøe
SV	Øystein Nereng

	Forfall		Som vara møtte
H	Gretha Braut Nese Aamodt	H	Harald Aursland
H	Kjetil Eide	H	Thomas Liland-Vik
V	Endre Vollsund	V	Sondre Undheim Lokøy
H	Lars Enevoldsen inhabil i sak 014/26	H	Randi Kluge Vatne møtte i saka
H	Pål Undheim inhabil i sak 018/26	H	Randi Kluge Vatne møtte i saka

Frå administrasjonen møtte: Kommunedirektør Trygve Apeland og formannskapssekretær Tone Storesætre

Saklista vart godkjent med ei tilleggssak 025/26 Høring av NOU 2026 1 En berekraftig kommunesektor.

Sakene blei behandla i denne rekkefølga: 013/26, 014/26, 016/26, 018/26, 015/26, 017/26, 019/26 og fortsetter etter saklista.

Bryne, 18.03 2026

Andreas Vollsund
ordfører

Tone Storesætre
formannskapssekretær

Saksliste

Sak nr.:	Sakstittel:
013/26	GODKJENNING AV PROTOKOLL
014/26	EIGARSTRATEGI 2026 FOR JÆREN HOLDING AS MED JÆREN INDUSTRIPARTNER AS
015/26	2. GONGSBEHANDLING - PLAN 0553.00 - DETALJREGULERING FOR KOLONIHAGEHYTTER, HÅLAND
016/26	2. GONGSHANDSAMING AV PLAN 0560 BUSTADER PÅ REE
017/26	OPPHEVING AV INTERKOMMUNAL KOMMUNEDELPLAN BYBÅNDET SØR - GODKJENNING OPPHEVING AV PLANEN
018/26	NYTT HØGDEBASSENG PÅ SKJÆRET - INTENSJONSAVTALE MED GREEN MOUNTAIN
019/26	GÅGATE STORGATA - JERNBANEGATA TIL TORGET
020/26	REVIDERT AVTALE OM ADMINISTRATIVT VERTSKOMMUNESAMARBEID MELLOM TIME, KLEPP OG HÅ KOMMUNE OM OPPLÆRING FOR VAKSNE
021/26	REVISJON AV RUSMIDDELPOLITISK HANDLINGSPLAN
022/26	SØKNAD OM KOMMUNAL GARANTI TIL BYGGING AV IDRETTSHALL
023/26	REVIDERING AV KULTURPRISANE OG NYTTÅRSMOTTAKINGA - TIME KOMMUNE
024/26	REFERATSAKER
025/26	HØRING AV NOU 2026: 1 EN BÆREKRAFTIG KOMMUNESEKTOR

013/26 : Godkjenning av protokoll

Time kommunestyre

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

KS - 013/26 Vedtak:

Protokoll frå møte 18.02.2026 vert godkjent.

014/26 : Eigarstrategi 2026 for Jæren Holding AS med Jæren Industripartner AS

Time kommunestyre

Ugild	Følgjande vara møtte	Merknad
Lars Enevoldsen	Randi Kluge Vatne	Fvl. § 6, første ledd bokstav e.

Lars Enevoldsen (H) ba om å få vurdert si habilitet i saka, jf. fvl. § 6, bokstav e. Kommunestyret erklærte samrøystes Lars Enevoldsen inhabil. Randi Kluge Vatne (H) deltok i habilitetsvurderinga og behandling av saka.

Innstillinga frå FSK vart samrøystes vedtatt.

KS - 014/26 Vedtak:

Time kommunestyre vedtek Hå, Klepp og Time sin reviderte eigarstrategi for Jæren Holding AS og Jæren Industripartner AS.

015/26 : 2. gongsbehandling - Plan 0553.00 - Detaljregulering for kolonihagehytter, Håland

Time kommunestyre

Forslag frå **Jone Fosse (Sp)**

Time kommunestyre godkjenner ikkje forslag til *Plan 0553.00 - Detaljregulering for kolonihagehytter, Håland, datert 22.01.2026, med tilhøyrande føresegner datert 03.02.2026.*

Grunngjeving: Kombinasjonen av det store talet på hytter, for lite dyrkingsareal per parsell og manglande høve til å stilla krav til dyrking på parsellane gjer at prosjektet reelt ikkje kan reknast for å vera ein kolonihage.

Innstillinga frå ULK vart vedtatt med 21 røyster, medan 6 røysta for Jone Fosse sitt forslag (Sp, SV).

KS - 015/26 Vedtak:

Time kommunestyre godkjenner forslag til Plan 0553.00 - Detaljregulering for kolonihagehytter, Håland, datert 22.01.2026, med tilhørende føresegner datert 03.02.2026.

Vedtaket er gjort i medhald av §12-12 i plan- og bygningslova.

016/26 : 2. gongshandsaming av Plan 0560 Bustader på Ree

Time kommunestyre

Pål Undheim (H) ba om å få vurdert si habilitet i saka, jf. fvl. § 6, andre ledd. Kommunestyret erklærte samrøystes Pål Undheim habil. Randi Kluge Vatne (H) deltok i habilitetsvurderinga.

Forslag frå Øystein Nereng (SV)

Kommunestyret *godkjenner ikkje forslag til Detaljregulering for bustader på Ree, plan 0560, med plankart datert 22.01.2026, føresegn datert 09.02.26 og planomtale datert 26.01.2025.* Området anmodes tilbakeført til LNFR i neste rullering av kommuneplanen.

Begrunnelse:

Matjord er viktig å bevare, uavhengig av planstatus.

Innstillinga frå ULK vart vedtatt med 20 røyster, medan 7 røysta for Øystein Nereng sitt forslag (INP, Sp, SV).

KS - 016/26 Vedtak:

Kommunestyret *godkjenner forslag til Detaljregulering for bustader på Ree, plan 0560, med plankart datert 22.01.2026, føresegn datert 09.02.26 og planomtale datert 26.01.2025 med følgjande endringar i bestemmelsene:*

- Pkt. 3.1.1.5 Estetisk utforming av bestemmelsene skal avsnittet om felt BB4 sin siste setning ha følgjande ordlyd: Det skal benyttes minst to ulike materialer samt et vesentlig innslag av beplantning i eller ved fasaden.
- Pkt. 3.1.1.1 Utnyttelse: BK3 endres fra 5 enheter til 6 enheter.

Vedtaket er gjort i medhald av pbl. § 12-12.

Det skal inngåast utbyggingsavtale mellom Time kommune og utbyggjar etter at reguleringsplanen er vedteken. Avtalen skal regulere opparbeiding og finansiering av offentlege og private kommunaltekniske anlegg innafor og i tilknytning til planområdet.

017/26 : Oppheving av Interkommunal kommunedelplan Bybåndet sør - Godkjenning oppheving av planen

Time kommunestyre

Innstillinga frå FSK vart samrøystes vedtatt.

KS - 017/26 Vedtak:

Med hjemmel i § 9-3 og § 11 -15 i plan- og bygningsloven godkjenner Time kommunestyre forslag til oppheving av plan 1121.04 «Interkommunal kommunedelplan Bybåndet sør i Time kommune.

018/26 : Nytt høgdebasseng på Skjæret - intensjonsavtale med Green Mountain

Time kommunestyre

To vedlegg vart sendt ut i saka før møtet. Eit notat frå kommunedirektør datert 16.03.26 og innspel frå Time bondelag datert 17.03.26.

Ugild

Pål Undheim

Følgjande vara møtte

Randi Kluge Vatne

Merknad

Fvl. § 6, andre ledd

Pål Undheim (H) ba om å få vurdert si habilitet i saka, jf. fvl. § 6, andre ledd. Kommunestyret erklærte samrøystes Pål Undheim inhabil. Randi Kluge Vatne (H) deltok i habilitetsvurderinga og behandling av saka.

Ranveig Undheim (Sp) ba om å få vurdert si habilitet i saka, jf. fvl. § 6, andre ledd. Kommunestyret erklærte samrøystes Ranveig Undheim habil (26 røyster).

Tilleggsforslag frå V, H, KrF og fleirtalet i Sp **v/Sondre Undheim Lokøy (V)**

Time kommunestyre oppmodar Green Mountain om å finansiere heile utbygginga av høgdebassenget på Skjæret med ein samla kapasitet på 2000 m³, inkludert både byggetrinn I og II.

Kommunestyret ber kommunedirektøren ta dette med i den vidare dialogen og i forhandlingane om endeleg avtale. Det skal leggjast til grunn at intensjonsavtalen vert tilpassa og er i samsvar med komande beredskapsplanar og ny VA-plan.

Alternativt forslag frå **Beate Aasen Bøe (SV)**

Time kommunestyre godkjenner ikkje den vedlagde intensjonsavtale mellom Time kommune og Green Mountain om bygging og drift av eit nytt høgdebasseng for vassforsyning på Skjæret.

Innstillinga frå FSK vart vedtatt med 20 røyster, medan 7 røysta for Beate Aasen Bøe sitt forslag (SV, Ap, INP, Nils Martin Sikveland Sp).

Tilleggsforslaget frå Sondre Undheim Lokøy vart vedtatt med 22 mot 5 røyster (Ap, SV).

KS - 018/26 Vedtak:

1. *Time kommunestyre godkjenner vedlagde intensjonsavtale mellom Time kommune og Green Mountain om bygging og drift av eit nytt høgdebasseng for vassforsyning på Skjæret.*
2. *Time kommune bestiller byggetrinn II med ei kostnadsramme på 3 mill. Kostnaden vert innarbeida i økonomiplanen for 2027-2030 innanfor ramma avsett til VA-prosjekt.*
3. *Kommunedirektøren får fullmakt til å inngå endeleg avtale med Green Mountain innanfor rammene i intensjonsavtalen og dette saksframlegget.*
4. *Time kommunestyre oppmodar Green Mountain om å finansiere heile utbygginga av høgdebassenget på Skjæret med ein samla kapasitet på 2000 m³, inkludert både byggetrinn I og II.*

Kommunestyret ber kommunedirektøren ta dette med i den vidare dialogen og i forhandlingane om endeleg avtale. Det skal leggjast til grunn at intensjonsavtalen vert tilpassa og er i samsvar med komande beredskapsplanar og ny VA-plan.

019/26 : Gågate Storgata - Jernbanegata til torget**Time kommunestyre**

Innstillinga frå FSK vart samrøystes vedtatt.

KS - 019/26 Vedtak:

1. *Time kommunestyre godkjenner legging av granittstein på strekninga frå Jernbanegata til torget.*
2. *Kommunen sin kostnad på 1,2 mill. inkl. mva. vert innarbeida og finansiert i tertialrapporten for 1. tertial 2026.*

020/26 : Revidert avtale om administrativt vertskommunesamarbeid mellom Time, Klepp og Hå kommune om opplæring for vaksne**Time kommunestyre**

Innstillinga frå FSK vart samrøystes vedtatt.

KS - 020/26 Vedtak:

Kommunedirektøren vurderer at revideringa av avtale om administrativt vertskommunesamarbeid er nødvendig for å sikre eitt oppdatert, tydeleg og framtidsretta rammeverk for samarbeidet mellom Time, Klepp og Hå kommune om

opplæring for voksne. Endringane i struktur, presisering av ansvar og rutinar styrkar kvaliteten i tenesta.

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret godkjenner den reviderte avtalen, og at avtalen trer i kraft frå 01.05.2026 og erstattar gjeldande avtale frå 2021.

- *Kommunestyret godkjenner Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid mellom Time, Klepp og Hå kommune om opplæring for voksne*
- *Avtalen trer i kraft frå 01.05.2026 og erstattar avtalen frå 2021.*

021/26 : Revisjon av rusmiddelpolitisk handlingsplan

Time kommunestyre

Innstillinga frå ULEV vart samrøystes vedtatt.

KS - 021/26 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner revidert rusmiddelpolitisk handlingsplan for perioden 2026-28.

022/26 : Søknad om kommunal garanti til bygging av idrettshall

Time kommunestyre

Innstillinga frå FSK vart samrøystes vedtatt.

KS - 022/26 Vedtak:

1. *Time kommune garanterer med simpel kausjon for lån som Lye IL tek opp til bygging av Fjellhallen.*
2. *Kausjonen gjeld for hovudstolen til lånet på maksimalt 17 500 000 kroner. Det maksimale beløpet som det blir kausjonert for vil bli redusert i takt med nedbetalinga av lånet.*
3. *Kausjonsansvaret gjelder fra 1.4.2026 og opphører 31.12.2046, med tillegg av 2 år.*
4. *Garantien skal godkjennast av Statsforvalteren etter kommunelova §14-19, og garantien er ikkje gyldig utan slik godkjenning.*

023/26 : Revidering av kulturprisane og Nyttårsmottakinga - Time kommune

Time kommunestyre

Forslag frå Karen Hognestad Liland (Ap)

Time kommunestyre vil gje ut byggeskikkprisen annakvart år dersom det er nokon å gje prisen til. Pengegåva på 20000 kr er forststett ein del av prisen.

Forslag frå Nils Martin Sikveland (Sp)

Endra i statuttane for heidersprisen: Heidersprisen vert liggande under Utval for levekår.

Forslaget frå Karen Hognestad Liland fekk 5 røyster og falt (Ap, Gaute Stokka FrP, Pål Undheim H).

Forslaget frå Nils Martin Sikveland fekk 10 røyster og falt (Elida Salte Sagici og Thor Inge Kalberg FrP, Svein Bø H, INP, Sp, Øystein Nereng SV, V).

Innstillinga frå FSK vart samrøystes vedtatt.

KS - 023/26 Vedtak:

- 1. Time kommunestyre godkjenner framlagt forslag til reviderte statuttar gjeldande frå 2026 med endringar:*
 - Idrett- og kulturstipend: Beløpet blir kr 25 000.*
 - Byggeskikkprisen blir delt ut annakvart år dersom det er aktuelle kandidatar. Ellers kvart fjerde år.*
 - Endra i statuttane for idrettsstipend: Aldersgrensa for idrettsstipend 25 år.*
 - Kulturprisen - Timeglaset: Avgjerd og utdeling: Endra frå "og kan delast ut kvart andre år" til "og kan delast ut kvart år"*
- 2. Utdeling av prisane/stipenda og heider av noregsmeistrane skal halda fram i Storstova, men med reduksjon i kostnader som går fram av saksframlegget.*

024/26 : Referatsaker

Time kommunestyre

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

KS - 024/26 Vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering slik dei ligg føre.